Fylkesmannen i Vestland

Stad:
Leikanger
Dato:
23.11.2020

Vår ref.(oppgi ved svar):
18/1997
Dykkar ref.:

Ragn Sells as avd. Sunnhordland
Eldøyane 130
5411 Stord

Sakshandsamar::
Gøsta Hagenlund 5764 3121

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Ragn Sells as avd. Sunnhordland
Kontrollnummer: 2020.082.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Bjarte Barane
Lene Sudmann

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Gøsta Hagenlund og Hallvard Hageberg
Frå Stord brann og redning:
Ragnhild Vad

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Ragn Sells as avd. Sunnhordland den 7.10.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og Stord brann og redning fann 1 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Nokre typar farleg avfall er ikkje forsvarleg handtert

Merknader:

1. Arbeidet med risikovurderingane kan betrast
2. Ein pallekarm var dobbeltmerkt
3. Det står ein stender i brannkum

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Gøsta Hagenlund	Toril Mulen
sjefingeniør	seniorrådgjevar

Kopi til: Stord kommune
Stord brann og redning

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Ragn Sells as avd. Sunnhordland	
Organisasjonsnr.: 978596916	**Eigd av:** 952187627
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110	

Kontrollert eining

Namn: Ragn Sells as avd. Sunnhordland	**Anleggsnr.:** 4614.0058.06 (farleg avfall) 4614.0058.03 (kasserte køyretøy) 4614.0058.05 (ordinært avfall)
Kommune: Stord	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: 5.5	
Løyve gitt: 28.8.2017	**Sist endra:** z

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadene av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene arbeider forsvarleg med førebyggande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadene om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart påvist under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet miljøstatusen eller det brannførebyggande arbeidet til verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart påvist under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Ragn Sells as avd. Sunnhordland pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Stord brann og redning skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1.mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Gøsta Hagenlund og til Stord brann og redning (post@stord.kommune.no) ved Ragnhild Vad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25.9.20. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må Ragn Sells as avd. Sunnhordland betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett
Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Avvik 1 Nokre typar farleg avfall er ikkje forsvarleg handtert

Avvik frå:
Avfallsforskrifta §§ 11-5, 11-12, 11-13 og 11-14 og vedlegg 4 til kap. 11 pkt. 1, bokstav a).
Utsleppsløyvet datert 28.8.2017 vilkår 3.5.

Kommentarar til regelverket:
Forskriftskrava om farleg avfall krev at slikt avfall skal takast hand om på forsvarleg måte. Det inneber mellom anna å sikre lagerplassen og emballasjen, særleg vern mot ytre påverknader, og sikre mot uvedkomande/dyr/barn. Løyvet presiserer desse krava ved å setje som minimumskrav at lagring av farleg avfall – anten det er etter mottak, omemballert/ompakka eller ferdig emballert og merkt for vidare sending – skal lagrast under tak og skjerma for vêr og vind.
Farleg avfall kan ikkje transporterast mellom ulike aktørar utan at det er deklarert, merkt og forsvarleg emballert.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

1. Verksemda har flytande farleg avfall (mellom anna olje-avfall og saltsyre) lagra ute i IBC-behaldarar.
2. Fleire pallekarmar med blybatteri er stabla i høgd over pallekarm (4 – 5 høgder). I øvste høgd står fleire batteri skeivt. Det er fare for at batteri kan falle ut, verte knust og at batterisyra lek ut.
3. Verksemda tar i mot usortert farleg avfall frå annan avfallsaktør. Avfallet skulle ved henting av slikt avfall ha vore sortert, emballert forsvarleg, merkt og deklarert.

7. Merknader

Merknad 1 Arbeidet med risikovurderingane kan betrast

Kommentarar:
<u>Vektlegging av risiko</u>
Vektlegginga av risiko avvik frå den kvantitative vurderinga som elles er vanleg. Verksemda uttrykkar samla risiko som summering av dei einskilde risikovurderingane. Verksemda bør vurdere om risikoevalueringa då kan kome til å overvurdere risiko for fare eller uønskte hendingar for forhold som vert omtalt å ha lågare risiko, og motsvarande undervurdere forhold med høg risiko. Døme: låg risiko vert uttrykt med høgare talverdi ved å summer 1+1=2, medan samanhengen gitt som produkt vil gje lågare talverdi 1x1=1). Motsvarande vil summering av forhold som vert omtalt at har høg risiko gje lågare risikoverdi samanlikna med multiplisering (døme: 5+6=11, medan 5x6=30). Verksemda må vurdere om dei kan ha vurdert farar og uønskte hendingar med høg risiko for lågt.

Inkonsekvent risikofastsetjing
Nokre av risikovurderingane er inkonsekvente. I tilsendt skjema "Risikovurdering 0820 Ytre Miljø 2020.xlsx" er konsekvensrisiko nokre stader vurdert ulikt utan at det kan omtalte hendingar synest å gje grunn.

Risikotema i til dømes rad 3, 6 og 9 gjeld alle ved brann i ulikt avfall. Konsekvensvurderinga er likevel høvesvis "4", "2" og "3". Risikovurdering frå brann i sorteringsanlegget har fått lågast verdi. Dette gir liten meining og vi ber verksemda gjere ny vurdering.

Grunnlag for vurdering
Risikovurderingane byggjer nokre stader på erfaring frå anlegget, andre stader på erfaring frå bransje / konsern. Risikovurderingane gir ikkje alltid meining ved vurdering etter forholda på staden. Verksemda forklarar dette med at i nokre tilfelle der erfaringsgrunnlaget ved verksemda er lågt, har dei vurdert risiko etter erfaring frå konsern eller bransje. Det bør kome tydeleg fram kva for grunnlag risiko er vurdert etter. Med tilvising til døma over, kan det sjå ut til at brann i trevirke ikkje har skjedd siste 10 år, medan brann i sorteringsanlegget skjer årleg. I røynda har ikkje verksemda hatt brann siste 10 år.

Uklart om risikovurderingane er gjort med bakgrunn i farar / uønskte hendingar før eller etter tiltak er iverksett
Det går ikkje fram om vurderingane er gjort før eller etter det er sett i verk risikoreduserande tiltak. Under tilsynet vart det klart at skjema skal forståast slik at det er rest-risiko etter tiltak som er vurdert. Det er likevel døme på risikofylte farar / hendingar ved anlegget der det er behov for tiltak. Vi kan vise til døme på funn under kontrollen, der m.a. lagring av avfall nær brennbar vegg eller lagring av farleg avfall ute bør vurderast som risiko der det er behov for tiltak.

Merknad 2 Ein pallekarm var dobbeltmerkt

Kommentarar:
Avfallet var propan/butan-behaldarar. Merket med "propan/butan" er avtakbart metallskilt, medan "blybatteri"-merket var klistra på. Ved vidare sending kan det verte tvil om innhaldet ved tildekt pallekarm og dersom feil merke ikkje vart fjerna. Under tilsynet vart feilmerkinga fjerna. Verksemda må sikre at gjenbruk av pallekarmar/IBC'ar m.m. ikkje er merkt med førre innhald når emballasjen nyttast til ny type avfall.

Merknad 3 Det står ein stender i brannkum

Kommentarar:
Stender i brannkum må fjernast

8. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging

- Forskrift om farleg stoff

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Skisser/kart over bygningar og brannvernutstyr
- Eksplosjonsverndokument bilsaneringsanlegget
- Lageroversikt farleg avfall
- Lokal beredskapsplan
- Risikovurdering brann
- Risikovurdering ytre miljø